

# Sævarhagsvikjo

## DET ER SERVERT – PÅ FJØRE SJØ

*Storparten av strandlinja mot sjøen i Sunnhordland er steinete og bratt. Derfor blir dei få strandfjørene som finst, særst viktige for vadefuglar når dei treng mat og kvile under hausttrekket. SÆVARHAGSVIKJO er den største strandfjøra i Sunnhordland.*


Svoltne vadefuglar kjem ikkje for seint til måltida, som i regelen blir serverte ved lågvatn. Då ligg delar av sjøbotnen tilgjengeleg med fjøremakk, børstemakkar og muslingar, som lever i sedimenta. Dei fleste har grave seg ned i den blaute sjøbotnen, men lét seg likevel finna. Mange vadefuglar søkjer næring etter «symaskinprinsippet», dei borar ustansleig nebbet ned i botnen. Dei følsame nebbta fortel om dei har støytt borti noko velsmakande, og då handlar dei snøgt.

Fiskemåsen kan stundom nytta ein annan teknikk. Ved å trampa med dei flate føtene sine i den blaute botnen pressar dei saman gangane som smådyra har grave, så mykje at dyra kjem opp mot overflata. Då er dei eit lett bytte for ein slukhals. Tarevollar som har bygd seg opp i strandsona, er òg svært forlokkande. Inne i ein tarevoll kan temperaturen bli høg, og det er ein veileigna klekkjestad for egga til tareflugene. Slike flugelarvar er snadder for småvadarar, piplerker og stareflokkar.

Fuglar som søkjer næring i strandsona, har alltid hastverk, for snart er det høgvatn att. Då må dei ta ei kvileøkt eller trekkja vidare. Flest vadefuglar er det å sjå i Sævarhagsvikjo om hausten. Om våren har mange av desse fuglane ei anna trekkerte, og er ikkje like avhengige av å stoppa her. Andre vanlege artar er siland og gråhegre, som begge livnærer seg av småfisk. Vintertid er òg storskarv og ærfugl typiske gjester.



Typiske vadefuglar om hausten:  
brushane  
dvergsnipe  
lappspove  
myrsnipe  
raudstilk  
storspove  
tjeld  
vipe



*Sævarhagsvikjo heng naturleg saman med svartorskogen i Hystadmarkjo. Småbåttamna (t.v.) som no skil desse områda, var eit kontroversielt naturinngrep då ho vart bygd i 1980-åra. (Helge Sunde)*



*Lappspove – ein av artane som rastar i Sævarhagsvikjo i trekketidene. (Ingvar Grastveit)*

## GRATISKONSERT PÅ SØNDAGSTUREN

Våren og forsommar er den beste tida for å høyra fuglesongen i svartorskogen i Hystadmarkjo. Mest fuglesong er det tidleg om morgonen eller like før det blir skymt om kvelden. Då er lufta klarast og songen ber lengst. Derfor syng fuglane mest då. Songarane er ikkje alltid så lette å sjå, så det er ein føremonn om du kjenner songen til dei vanlegaste. Morgonfuglen framfor alle er raudstrupen. Andre vanlege artar er svartrast, måltrast, bokfink og fleire meiseslag. På seinkvelden om våren er òg rugdetrekket over skogen ei oppleving.

Den svært fuktige skogbotnen gir gode oppvekstvilkår for ulike insekt, mest knott og fjørmygg, som kjem i tette svermar. Vasspissmusa, som er uvanleg bos oss, er funnen ber. Røyskatten er ofte å sjå. Faktisk streifar det òg hare i denne skogen – kanskje er det derfor hubroen brukar å inspisera staden innimellom.

## RAUDSILDRE – EI TYPISK FJELLPLANTE – VED SJØEN

Som dei fleste andre sildrene er raudsildre ei typisk fjellplante, oftast på kalkbaldig berggrunn i høgjellet. I Stord veks raudsildre òg nokre stader i fjellet, men er best kjend frå strandberga på HOVANESET nord for Leirvik og i Krossvikane nordvest på Huglo. Vi kan rekna desse staden som vestlege utpostar for planta. Når raudsildre og andre fjellplanter, til dømes gulsildre, rosenrot og bergfrue, trivst på strandberg, kan det forklarast med gode lysforhold, liten konkurranse og mykje fukt i den relativt kjølige lufta (©117). På fleire måtar liknar dette forholda i høgjellet. Raudsildre blømer svært tidleg, alt i mars når sola tek til å varma opp bakken. (Foto: Jan Rabben)

